

# Å VERE KLASSEKONTAKT

## Naustdal skule

Å vere klassekontakt er ikkje ein lovpålagt funksjon, men den er svært viktig for eit godt samarbeid mellom føresette og kontaktlærer, heim og skule, samt for klassemiljøet.

Vi veit at eit godt klassemiljø er viktig for borna si utvikling og læring. God kontakt og gjensidig tillit mellom skule og heim er eit viktig fundament for dette. Som klassekontakt er du difor ein ressurs for elevane, for føresette og for lærar.

### Val av klassekontaktar:

- Val av klassekontakt skjer på foreldremøtet på våren kvart skuleår.
- Kvar klasse vel éin eller to føresette som klassekontakt.
- Det er føresette som er ansvarlege for å gjennomføre valet.
- For skulestartarane er det rektor som ordnar med val av klassekontaktar på foreldremøtet våren før skulestart.

### Kva oppgåver har klassekontaktane?

- Ha god kontakt med føresette i klassen. Spør etter innspel og ivareta deira sine interesser i møte med skulen. Formidle føresette sine innspel og synspunkt vidare til kontaktlærer og/eller FAU.
- Planlegge foreldremøta saman med kontaktlærer. (Tips: fastsett datoar for foreldremøte tidleg i skuleåret).
- Gje innspel til kontaktlærer: Kva synest foreldra det er viktig å få informasjon om?
- Ta initiativ til sosiale arrangement for foreldre og elevar (ei samling kvart halvår).  
Tips til klassesamlingar finn ein i eige skriv «Heim-skule-samarbeid ved Naustdal skule» på skulen sine heimesider.
- Vere med å organisere foreldre si deltaking i arrangement (til dømes 17. mai).
- Sørge for at nokon tek kontakt med nye foreldre og/eller foreldre til elevar som startar i klassen midt i skuleåret. Ein telefonsamtale kan få dei nye foreldra til å føle seg velkomne og bidra til at dei møter på foreldremøte og sosiale samlingar for klassen.
- Be kontaktlærer sende ut oppdaterte klasselister. Det er kontaktlæraren si oppgåve å informere foreldrekontaktar om nye elevar/føresette.
- Klassekontakt kan saman med kasserar forvalte pengane på klassekonto innanfor kontoen sine føremål. Ved «større» investeringar/bruk, bør ein ta avgjerla i heile klassen. Sjå elles eige skriv om «Retningslinjer for klassekonto ved Naustdal skule» på skulen sine heimesider.

Klassekontakten si rolle og oppgåver kan variere mykje frå klasse til klasse. Det er opp til deg å definere rolla ved å ta initiativ og vere i samhandling med skulen og dei andre føresette på trinnet. Eit godt råd er å definere nokre oppgåve eller mål for deg sjølv, gjerne i dialog med ein klassekontakt som har hatt rollen før deg.

## Lukke til!

FAU-styret ved Naustdal skule  
mai - 2022



Sunnfjord  
kommune